

Val av nytt ungdomsråd for perioden 2025-2027



Det er tid for val av nytt ungdomsråd og fredag 26.09.25 gjorde nokre av dei noverande rådsmedlemma ein solid rekrutteringsjobb ved Bygland skule og Setesdal VGS avd. Hornnes.

Ungdomsrådet har bestått av åtte medlem. Ina McShane, Malin Vegusdal Hills, Håkon Olavsson Skeie og Abrar Harira ynskjer ikkje å stille til attval i ungdomsrådet for den neste perioden. Under følgjer ei fullstendig oversikt over alle søknadane som har kome inn i samband med val av nytt ungdomsråd for perioden 2025-2027:

Kjønn:	Namn på søker:	Bustad:	Klassetrinn:	Status:
♂	Elias Greibrokk Heggernes	Bygland	VG3 - lærling	Attval
♀	Selma Jacob Granheim	Åraksbø/Krs	VG1	Attval
♀	Solfrid Fauske Langfeldt	Bygland	VG1	Attval
♀	Jenny Feed Lunden	Longerak	10. kl	Attval
♂	Emilian Dale Eklund	Longerak	10. kl	Ny
♀	Ellinor Langhelle Åsen	Byglandsfjord	10. kl	Ny
♀	Linea Vegusdal Hills	Byglandsfjord	8. kl	Ny
♂	Mathias Larsen Nomeland	Byglandsfjord	8. kl	Ny
♂	Tarjei Høibraaten Helle	Bygland	8. kl	Ny
♂	Håkon Magnus Greibrokk Heggernes	Bygland	8. kl	Ny
♂	Jonathan Richard Fridtjof Wieden	Åraksbø	8. kl	Ny

Utgangspunktet er at alle som er ungdom kan foreslåast som medlem av rådet. Det er likevel viktig at eg som koordinator og kommunestyret som formelt veljer rådsmedlemma, tenkjer nøye over samansettinga i rådet og medlemma sine personlege eigenskapar for at rådet skal kunne gjere ein best mogleg jobb.

Som folkevald organ skal ungdomsrådet ta omsyn til kravet i kommunelova om kjønnsbalanse og geografisk spreing.

Koordinator si tilråding

Det er ynskjeleg å halde fram med å ha totalt åtte medlem i ungdomsrådet. Av desse er tre varamedlem. Denne løysinga har vore svært praktisk, då alle ungdomane er skuleelevar/lærlingar med noko uføreseielege kvardagar. Som koordinator for ungdomsrådet vil eg tilrå at dei fire som ynskjer attval, får vere med vidare som hovudrepresentantar og varamedlem. Grunngevinga er at dette skapar kontinuitet i arbeidet og at desse representantane har gjort ein god jobb den inneverande perioden.

Under følger koordinator si innstilling til nytt ungdomsråd for perioden 2025-2027:

Innstillinga tek omsyn til kravet om kjønns- og aldersbalanse, samt geografisk spreining. Kommunestyret har sjølv sagt moglegheit til å bytte ut representantar og/eller endre innstillinga.

Kjønn:	Hovudrepresentant:	Bustad:	Klassetrinn:	Status:
♀	Selma Jacob Granheim	Åraksbø/Krs	VG1	Attval
♀	Solfrid Fauske Langfeldt	Bygland	VG1	Attval
♀	Jenny Feed Lunden	Longerak	10. kl	Attval
♂	Emilian Dale Eklund	Longerak	10. kl	Ny
♀	Linea Vegusdal Hills	Byglandsfjord	8. kl	Ny
Kjønn:	Vararepresentant:	Bustad:	Klassetrinn:	Status:
♂	Elias Greibrokk Heggernes	Bygland	VG3 - lærling	Attval
♀	Ellinor Langhelle Åsen	Byglandsfjord	10. kl	Ny
♂	Mathias Larsen Nomeland	Byglandsfjord	8. kl	Ny

For å takke alle søkerarar for interessa, vil eg audmjukt be om at alle ungdomane som har søkt, mottek ei skriftleg stadfesting på om dei er vald inn i rådet eller ikkje.

Med venleg helsing

Anette Hovstad

Koordinator for Bygland Ungdomsråd